

Aksjon hest i trafikken i Uskedalen.

03.09.2019



Ver varsam ved forbipassering med hest i vegen.

Det går mot haust og Lisbeth N. Stensletten kjem med ei oppmodning til alle som møter hest langs vegen. Spesielt i mørket, kor ein ikkje alltid ser kva som kjem mot deg før du er heilt nærme. Både hest og rytter er godt kledde med refleks. Møter du nokon med meir refleksar en ein gjennomsnittleg mosjonist, så brems ned til du ser kva som kjem i mot. Stort sett gjeld dette på vegen opp Uskedalen. Det er her der er mest hest på vegen.

Nokre trafikkantar har for høg fart ved forbipassering. Fartsgrensa ved forbikøyring av hest er 25 km/t, med ein avstand på minimum 2 meter. Er det ikkje 2 meter avstand, så vent til der er plass, eller på signal frå rytter.

Ein kan samanligna hesten med ein elg når du sit bak rattet. Hesten og elgen veg om lag det same. Begge har eit sterkt fluktninstinkt. Uventa situasjonar som vind og vêr, brå /høg lyd, skuggar eller rasling i ein busk, kan skremma den tryggaste hesten på vegen. Hesten vil truleg hoppa inn i vegbanen utan at rytter har mulighet å stoppa den.

Lisbeth syns folk stort sett er flinke, spesielt dei store kjøretøya som traktor og lastebilar. Men det er ein del personbilar, mopedistar og lette motorsyklistar med høg fart /bråkete motorar som kan vera problemet. For ikkje å snakka om lydlause elbilar, der ikkje lyden er problemet, men at dei kjem for brått på. Dei bør køyra minst like forsiktig forbi som alle andre.



Ver merksam på at det er køyrereglar for korleis ein skal nærma seg og køyra forbi dyr langs vegen.

Rulleski og stavar lagar ein skremmande lyd. Ta opp stavane om de ser at hesten har augene på stilk. Om hesten ikkje let seg affisera, så har den blitt herda med åra. Då er det berre å staka i veg.

Legg ved ein link der ein finn litt informasjon om hest i trafikken.

<https://www.hestitrafikken.no/blank>

Tekst: Lisbeth N. Stensletten/ Kristian Bringedal

Foto: Lisbeth Stensletten

Nett: Kristian Bringedal